

Styremøte i Norsk medieforskarlag (NML)

Referat 21. januar 2019

Skype
Kl. 14.00-15.00

I møtet: Eiri Elvestad (leiar), Lisbeth Morlandstø, Marika Lüders, Terje Colbjørnsen og Terje Skjerdal (ref).

Forfall: Magnus Hoem Iversen, Balder Holm, Roswitha Skare (vara) og Christer Bakke Andresen (vara).

1. Innkalling

Godkjend.

2. Referat frå styremøte 11. desember 2018

Godkjent.

3. Rapportering frå medieforskarkonferansen til Forskningsrådet (NFR)

NFR tildelte 120.000 kr, som skulle gå til eventuelt underskot for konferansen. «Underskotet» var på 91.648 kr, og NFR dekkjer dermed denne summen. Lisbeth har oversendt til resten av styret rapport til NFR og rekneskap for konferansen.

4. Medlemskontingenten

Er medlemskontingenten for høg? (400 kr.) Ikkje så klare fordelar av medlemskapen etter at Norsk medietidsskrift fekk open tilgang. Samstundes trengst pengar til å finansiera publiseringssløysinga. Styret kjem tilbake til saka, som må opp på generalforsamlinga dersom det skal bli endringar.

5. Kommunikasjon med medlemene

Nettsida er no delvis oppdatert, og Eiri ber Magnus leggja inn nokre nyhende slik at dei siste ikkje er frå 2017 (kan fleire få tilgang til å leggja ut?). Roswitha sender ut nyhende på Facebook jamleg, og det bør halda fram. Twitter-kontoen er i praksis inaktiv (har ikkje vore brukt sidan 2011). Twitter-lenka bør vekk frå nettsida (inntil nokon eventuelt vil ta ansvar for å senda ut meldingar hyppigare). Usikkert kven som er eigaren av Twitter-kontoen (nokon frå 2011-styret?).

Nyhendebrevet er ikkje lenger aktivt. Det viste seg å ikkje vera så enkelt å få folk til å bidra (forsøkt 2017/2018). Inntil det eventuelt er i drift igjen, tek me det vekk frå lista over medlemsfordelar.

6. Nytt medlem i rådet til Nordicom (advisory board)

Styret spør dagens representantar om halda fram i ein ny periode (Kristin Skare Orgeret/OsloMet og Gunnar Iversen/NTNU, no Carleton University, Ottawa). Alternative namn er Hallvard Moe/UiB og Eli Skogerbo/UoI.

7. Høyring: endringar i reglane for kjeldevern

Lisbeth høyrer med Norsk Redaktørforening (ved ass. gen.sek. Reidun Kjelling Nybø) for eventuelt at NML kan støtta deira høyringsfråsegn. Høyringsfrist: 1. februar.

8. Møteplan framover

12. mars 2019 14-15

9. april 2019 14-15

14. mai 2019 14-15

Terje Skjerdal (ref)